

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for helse og omsorg
Møtestad: Herøy helsesenter
Dato: 10.11.2016
Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Kl. 14:00: Synfaring på Herøy omsorgssenter.
- oppmøte adm. Pleie- og omsorgsavdelinga.

Fosnavåg, 10.11.2016

Bjørn Otterlei
leiar

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 41/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 42/16	Protokoll frå førre møte
PS 43/16	Referatsaker Referatsaker
RS 10/16	Nedlegging busstopp ved Ålesund sjukehus - Uttale i Herøy eldreråd 17.10.2016
RS 11/16	Barnevernmeldingar i perioden 01.01.2016 - 31.08.2016

PS 41/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 42/16 Protokoll frå førre møte

PS 43/16 Referatsaker

Referatsaker

RS 10/16 Nedlegging busstopp ved Ålesund sjukehus - Uttale i Herøy eldreråd
17.10.2016 Nedlegging busstopp ved Ålesund sjukehus - Uttale i Herøy eldreråd
17.10.2016 21.10.2016 00:00:00

Uttale i Eldrerådet den 17.10.16 som skal sendast til Fylkeskommunen:

NEDLEGGING BUSSTOPP VED ÅLESUND SJUKEHUS – BUSSRUTER TIL SJUKEHUSA I MØRE OG ROMSDAL

Herøy eldråd har merka seg artikkelen i Sunnmørsposten den 28.9.2016 der det går fram at det er planar om å legge ned busstoppen ved Ålesund Sjukehus og flytte den opp til hovedvegen.

Vi er og blitt kjent med at Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal har kome med slik uttale i saka: «Viser til oppslag i Sunnmørsposten den 28/9-16, der det går fram at det er planar om å legge ned busstoppen ved Ålesund Sjukehus og flytte den opp til hovedvegen.

Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal er sterkt i mot at busstilbodet til sjukehusa i heile fylket vert svekka. Vi har som kjent i dag fire sjukehus i fylket og trongen om god busstransport til og frå disse er stor.

Det er Fylkeskommunen som har ansvaret for busstransport for innbyggjarane i fylket og det kan ikkje akseptrast at tilbodet til dei svake gruppene skal prioriterast ned.

Ein stor del av pasientane som reiser til sjukehusa i Møre og Romsdal er eldre personar som lid av ein eller annan sjukdom. Mykje av behandlinga på sjukehusa i dag vert i stor grad gjort med behandling på poliklinikk på dagtid. Disse pasientane er avhengig av at det er eit busstilbod som kan frakte dei nærast mulig til og frå behandlingsstaden. Det er uakseptebelt at dei som er avhengig av buss må ta beina fatt å gå lang veg frå buss-stopp til sjukehuset. Alternativet er at pasientar må fraktast med privatbil eller drosje over lange avstandar og det vert er vel kanskje ikkje så bra når vi i dag skal gjere vårt beste for å redusere privatbilismen?

Pensjonistforbundet meiner at det må vere Fylkeskommunen sin oppgåve å legge til rette for eit betre busstilbod til å og frå alle sjukehusa heller enn å svekke det.»

Vedtak i Herøy Eldreråd:

- 1. Herøy eldråd vil påpeika overfor Møre og Romsdal Fylkeskommune v/Samferdselsavdelinga at det ikkje kan akseptrast at busstopp ved Ålesund Sjukehus vert nedlagt og flytta til hovedvegen. Dette vil føre til store problem for pasientar frå vår kommune som skal til behandling ved sjukehuset.**
- 2. Herøy eldråd støttar elles den uttalen som er sendt frå Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal**


Helsing

Brit Berge

Konsulent

Dokumentsenter og politisk sekretariat

Tlf. 70081300 Dir. 70081359



www.heroy.kommune.no



HERØY KOMMUNE